

Dei siste oxsen leidd ut frå fjoset i 1965



På Fossberg var Gabriel i sine unge år næraste nabo til dyrlækjargarden. Der hadde Ingvar og kona

Hedvig Godal ein hage som var godt eigna til dyrking av grønsaker og blomster. Dette la nok grunnlaget for Gabriel sine grøne fingrar og interesse for plantar. Som 17 åring gjekk turen til hagebrukskule på Lena, der han var i to vintrar og ein sumar.

Blomstersalet starta han med på det såkalla "papirhuset" ved Fossberg i 1954. Seinare vart det salg frå ein kiosk og så vart det stelt til eit rom inne på sjølve hotellet. Før jul hadde Gabriel blomsterlager i spisestova på Fossberg, som stod ubrukt på denne tida av året.

Aktivt næringsliv på Bergom

Det var eit svært aktivt og variert næringsliv på Bergom på 1950- og 60- talet med fleire daglegvarebutikkar, skreddar, skomakar, snekkerverkstad, sagbruk, mølle, smie og landbruksverkstad i tillegg til hotell, kafear og gardsdrift. Mellom anna var det stor aktivitet i Skaansargarden ved Prestfossen.

Siste oxsen ut frå fjoset

Det vart etter kvart slutt på gardsdrifta på Fossberg og Gabriel overtok fjoset. Han leidde ut siste oxsen hausten 1964 og starta umiddelbart med ombygginga, som Lars Skjerpingsstad hadde ansvaret for. Onnfjoset vart tømt og fjos og låve nedrive og bygt opp att til butikkareal og bustad. Alt 1. juni året etterpå var arbeidet ferdig og salet av blomster og souvenir var i gang. Souvenir var eit naturleg valg som supplement til blomster. - Turisttrafikken tok seg opp og det vart ein enorm trafikk på Bergom. Bussane tok til å stoppe og det var besøkjande frå alle slags nasjonar. Det kunne stå fem – seks bussar rett utanfor døra på Fjoset og det var sjølv sagt bruk for mange til å hjelpe til i butikken, fortel Gabriel. - Vi var heldige. Dette var nok heilt rette tida å starte opp på og souve-



Veggpanel frå det gamle fjoset vart nytta til butikkinneing og innvendige vegg.

nirsalet var eit blinkskot, fortel Gabriel som legg til at det berre var dei som hadde blomstersal i Lom på den tida. Det hadde vore gartneri på Blakar, men dette var fløtt til Otta. Nils Agneberg var i gang med drivhus i Skjåk.

Jula viktig også da

Førjulstida var viktig på Fjoset den gongen som nå. Men, det var innvikla å få frakta varene til Lom. Julebegonia og andre juleblomar vart pakka i silke. Kassane kunne ikkje setjast oppå kvarandre. Temperaturen under frakta var også ei utfordring.

Fyrste julehandelen til Gabriel på Fjoset skulle bli dramatisk. - Det viste seg at blomsterleveransa vart med toget forbi Otta og heilt til Trondheim. Dette var rett før jul og tida var knapp. - Varene vart returnert til Otta der vi henta blomstene og kjørte dei rett ut til kundane i Lom.

Mange endringar

Både på Fjoset og i Bergomsgarden har det vore mange og store endringar i løpet av dei nesten 50 åra som har gått sidan Gabriel starta opp med handel i det ombygde fjoset. - Her har det vore fleire faser med ombygging og det har vore gjort fleire tilpassingar når det gjeld vareutval. Blomster og souvenir er viktig fortsatt. Etter kvart har klær og garn vorte viktige nisjer for oss, avsluttar Gabriel.



Fossbergje rundt 1910. Fremst fjoset, til venstre låven til dyrlækjargarden og framfor hotellet det såkalla papirhuset, som Gabriel starta med blomstersalg frå i 1954. Papirhuset hadde tidlegare vore hønhus, skreddarlokale og kontor og verkstad for Eidefoss.



Fossberg og fjoset slik det såg ut mot slutten av 1950-talet før ombygginga.



Nybygget sommaren 1965 med handelsreisande på plass utanfor.